

ARBEIDSGRUPPE – ORGANISERING

Bærekraftig kommuneøkonomi i Vinje kommune

Tiltaksrapport

Høyreklikk på denne figuren
og velg “Sett inn bilde”
for å sette inn eller
endre bilde og grafikk

1 Mandat og rammer

Arbeidsgruppen har som oppdrag:

Organisering av opplæringstilbod for nye flyktningelevar – vidareføring av gjeldande modell ?

2 Organisering og gjennomføring

Gisle B. Espedalen	Verksemdsleiar	Arbeidsgruppeleder
Aud Lillian Hustveit	Verksemdsleiar	Arbeidsgruppedeltaker
Rune S.Tveito	Verksemdsleiar	Arbeidsgruppedeltaker
		Arbeidsgruppedeltaker
		Arbeidsgruppedeltaker

Arbeidsgruppa har i perioden april–juni 2026 gjennomført ei samla vurdering av organiseringa av opplæringstilbodet for nye flyktningelevar i Vinje kommune. Arbeidet har omfatta gjennomgang av gjeldande praksis, vurdering av alternative organisasjonsmodellar og analyse av pedagogiske, organisatoriske og økonomiske konsekvensar.

3.0 Utredning

Vinje kommune har over tid organisert opplæringstilbodet for nyankomne flyktningelevar gjennom ein desentral modell, der elevane startar ved sin nærskule.

I lys av auka press på kommunale ressursar og behov for langsiktig berekraft i tenestene, har det vore reist spørsmål om ei endring til ei meir sentralisert ordning kan gi betre ressursutnytting og økonomiske innsparingar. Særleg har potensialet for å samle kompetanse, redusere dobbeltkapasitet og effektivisere bruk av lærarressursar vore trekt fram som moglege gevinstar.

Samtidig må eventuelle økonomiske gevinstar vurderast opp mot konsekvensar for kvalitet, inkludering og praktisk gjennomføring. For Vinje kommune, med spreidd busetnad og relativt lågt elevtal, vil også skysskostnader og organisatorisk kompleksitet vere sentrale faktorar i ei samla vurdering.

Utgreiinga tek difor sikte på å vurdere om ei omlegging av dagens modell vil gi reelle og berekraftige økonomiske besparingar, utan at det går ut over kvaliteten i tilbodet eller grunnleggjande prinsipp for opplæringa.

Saka handlar samla sett om kommunen bør endre organiseringa med sikte på betre ressursutnytting, eller vidareføre dagens modell som i større grad vektlegg nærleik, inkludering og fleksibilitet.

Rettsleg grunnlag

Opplæringa av nyankomne minoritetsspråklege elevar er regulert av opplæringslova, mellom anna § 2-8 om særskild språkopplæring. Kommunen har ansvar for å sikre at elevane får eit pedagogisk forsvarleg opplæringstilbod, uavhengig av organisering.

Val av modell ligg innanfor det kommunale handlingsrommet, så lenge krava til tilpassa opplæring, inkludering, kartlegging og forsvarleg vurdering blir oppfylte

Gjeldande praksis (desentralisera modell)

Gjeldande modell inneber at:

nye flyktningelevar startar på nærskulen

skulane organiserer språkstøtte og tilpassa opplæring lokalt

ressursar og kompetanse blir fordelte etter behov

Modellen har vore nytta over tid og er godt forankra i praksis ved skulane.

3.1 Beskrivelse tiltak

Vurdering av endringsalternativ: Samla introduksjonsordning

Ei sentralisert introduksjonsordning ved Åmot skule har vore vurdert som alternativ. Ei slik løysing kan styrkje fagmiljø og samle kompetanse.

Samtidig inneber ei slik omlegging prinsipielle og praktiske utfordringar knytt til transport, tilknytning til nærmiljø og gjennomføring av inkluderande opplæring.

Administrasjonen vurderer at ei sentralisering vil innebære eit systemskifte med avgrensa dokumenterbare gevinstar samanlikna med dagens model

3.2 Konsekvenser av tiltak

Grunngjeving for vidareføring av gjeldande modell

Pedagogiske vurderingar

- Tidleg tilknytning til nærmiljø og lokalsamfunn:
 - Elevane får raskare kontakt med jamaldringar i eige nærmiljø.
- Inkludering i ordinært skulefellesskap frå første dag:
 - Støttar prinsippet om inkluderande opplæring.
- God kjennskap til elev og familie lokalt:
 - Nærskulen har ofte betre føresetnader for tett samarbeid med heim og lokalmiljø.

Organisatoriske vurderingar

- Skulane har opparbeidd erfaring og rutinar for mottak av nye elevar.
- Kommunen unngår å etablere ei ny, sentralisert eining.
- Mindre transport og færre logistiske utfordringar i kvardagen.
- Større fleksibilitet ved lågt og varierende elevtal.

Økonomisk vurdering

Føresetnader

- Om lag 10 nye flyktningelevar per år.
- Elevane fordelte på 3-4 skular.
- Lærarårsverk (inkl. sosiale kostnader): ca. 1 000 000kr.
- Skysskostnad per elev per år: ca. 35 000 kr.

Kostnadsoverslag – vidareføring av gjeldande modell

Kostnadspost	Desentral modell
Lærarressursar (årsverk)	ca. 1,00
Kostnad lærarressurs	ca. 1 000 000 kr
Skysskostnader	ca. 0 kr
Samla årleg kostnad	ca. 1 000 000 kr

Økonomisk vurdering

Vidareføring av gjeldande modell gir:

- stabile og føreseielege kostnader
- ingen auke i skyssutgifter
- moglegheit til å justere ressursbruk lokalt etter faktiske behov

Samla vurdert er gjeldande modell økonomisk forsvarleg innan dagens elevgrunnlag.

Risikovurdering og tiltak

Administrasjonen er merksam på at desentral modell kan vere sårbar ved små fagmiljø. Dette kan møtast gjennom:

- styrkt samarbeid mellom skulane
- felles rutinar for kartlegging og dokumentasjon
- fagleg støtte og rettleiing på tvers av einingar
- Digitale løysingar

Kostnadsoverslag – ny modell

Kostnadspost	Ny modell
Lærarressursar (årsverk)	ca. 2,00
Kostnad lærarressurs	ca. 2 000 000 kr
Skysskostnader	ca. 30.000 kr per elev = 300.000 kr
Samla årleg kostnad	ca. 2 300 000 kr

3.3 Etc

Samla vurdering

Gitt:

- lågt til middels elevtal
- geografiske avstandar i kommunen
- omsynet til nærmiljø, inkludering og redusert skyss
- økonomiske konsekvensar

Vurderer administrasjonen at gjeldande desentralte modell framleis er den mest føremålstenlege løysinga for Vinje kommune på noverande tidspunkt.

Tilråding frå administrasjonen

Administrasjonen tilrår at Vinje kommune vidarefører gjeldande modell for mottak og opplæring av nye flyktningelevar, med årleg evaluering og vidareutvikling av kompetanse og samhandling mellom skulane.

Oppsummerende tabell

Navn på tiltak i Arbeidsgruppen	Utdyping av tiltak
1. Noverande ordning	Økonomi: Føreseieleg og fleksibel modell med moglegheit for tilpassing til reelt behov. Kompetanse: Skulane har over tid opparbeida seg norsk 2 via etterutdanning som er knytt mot tilsette på dei respektive einingane. Større fagmiljø kan styrke

	spesialisert kompetanse, men kan samstundes svekkje breidda i kompetanse lokalt. Inkludering: I ordinært skulefellesskap frå første dag støttar prinsippet om inkluderande opplæring. Verdiar, normer, reglar og haldningar som elevane kan tilegne seg ved leik og relasjonar. Pedagogisk: Språkutvikling går raskast når elevane får bruke språket mykje i ekte situasjonar. Sosial inkludering er avgjerande for språkutvikling. Segregerte løysingar over tid verkar negativt på inkludering. Samtidig treng mange elevar målretta språkstøtte i starten.
2. Sentralisert ordning	Økonomi: Meir kostbar ordning pga noko meir bruk av pedagogisk personell som er øremerka introduksjonsklassa. Slik det er i dag så nyttast mykje av ressursen til dei som besitter kompetansen til andre oppgåver på skulen knytt mot elevar. Med skyss utgifter for å flytte elevane frå dei einskilde einingane og til ei sentralt plassert introduksjonsklasse så reknar ein med eit påslag pålydande 1 300 000 meir en noverande ordning. Kompetanse: Ei sentralisert ordning vil kunne samle og styrkje spesialisert kompetanse innan norsk som andrespråk og fleirkulturell pedagogikk. Dette kan gi eit meir robust fagmiljø med tettare kollegarettleiing og systematisk utviklingsarbeid. Samstundes kan modellen føre til mindre kompetansespreiing til dei einskilde skulane, og dermed redusere den samla kapasiteten lokalt til å møte elevane sine behov Inkludering: Ei eiga introduksjonsordning kan i ein oppstartsfase gi tryggleik og tilpassa opplæring i eit skjerma miljø. Samstundes kan fysisk avstand frå nærskulen og lokalmiljøet føre til redusert deltaking i det ordinære skulefellesskapet. Dette kan utfordre tidleg sosial integrering, relasjonsbygging og kjensle av tilhøyrsl. Pedagogisk: Modellen kan gi gode rammer for strukturert og intensiv språkopplæring, med høg grad av tilpassing og målretta innsats i startfasen. Samstundes kan redusert eksponering for jamaldringar i

	ordinære læringssituasjonar avgrense naturleg språkutvikling og læring gjennom samhandling. Overgangar frå introduksjonsordning til nærskeule kan òg bli meir krevjande for elevane.
--	--

4. Gevinstrealisering

Tabellen viser oversikt over arbeidsgruppens forslag til tiltak for å nå målsettingen. Tabellen inneholder navn på tiltak, kvalifisert anslag på mulig besparelse i 2026 og 2027 (når fullt implementert) og forutsetninger for at tiltaket skal kunne realiseres i økonomisk innsparing.

Navn på tiltak	Besparelse (i hele 1000)		Forutsetninger for gevinstrealisering
	2027	Årlig fra og med 2028	Hva skal til for at den økonomiske gevinsten blir realisert
1. Noverande ordning	0	0	Fortsette med dagens ordning
2. Sentralisert ordning	0	0	Vil bli 1,3 mill dyrare pr. år.
3.			

5. Oppsummering av hele arbeidsgruppen

Beskrivelse	Risiko, konsekvenser og forsvarlighet
Arbeidsgruppa vurderer at gjeldande desentraliserte modell for opplæring av nyankomne flyktningelevar i Vinje kommune samla sett gir den beste balansen mellom pedagogisk kvalitet, inkludering, fleksibilitet og ressursbruk. Modellen legg til rette for tidleg integrering i nærmiljøet, gir skulane høve til å tilpasse opplæringa lokalt, og inneber føreseielege økonomiske rammer. Samstundes har alternativa blitt grundig vurdert, men framstår ikkje som tilstrekkeleg meir føremålstenlege gitt kommunen sine føresetnader.	Den desentraliserte modellen inneber noko risiko knytt til små fagmiljø og sårbar kompetanse ved enkelte skular. Dette kan påverke kvaliteten dersom det ikkje blir sikra tilstrekkeleg samarbeid og kompetansedeling. Samstundes vurderer arbeidsgruppa at modellen er pedagogisk og økonomisk forsvarleg innanfor dagens rammer, føreset at det blir arbeidd systematisk med felles rutinar, fagleg støtte og utvikling av kompetanse på tvers av skulane. Ei sentralisert løysing vil kunne redusere enkelte faglege sårbarheiter, men vil samstundes medføre auka kostnader, meir omfattande logistikk og utfordringar knytt til inkludering og tilhøyrsløse.

Beløp i 1000 kr	2027	2028	2029	2030
Tiltak	0	0	0	0

Høyreklikk på denne figuren
og velg “Sett inn bilde”
for å sette inn eller
endre bilde og grafikk